



Universitetet
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITENSKAP OG HUMANIORA

BACHELOROPPGÅVA

Studieprogram: Nordisk språk og litteratur - Bachelorstudium	Vårsemesteret, 2023
Forfatter: Vilde Maria Sel Hausken	
Rettleiar: Hadle Oftedal Andersen	
Tittel på bacheloroppgåva: Bibelallusjonar i <i>Presten</i> Engelsk tittel: Biblical allusions in <i>Presten</i>	
Emneord: Bibelallusjonar, Hanne Ørstavik.	Talet på ord: 8 216 Talet på vedlegg: 0 Stavanger, 15.05.2023

Bibelallusjonar i *Presten*

Innholdsliste

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITENSKAP OG HUMANIORA	I
BACHELOROPPGÅVA.....	I
1. INNLEIING	1
1.1. INSPIRASJON OG PROBLEMSTILLING	1
2. TEORI	2
2.1. KVA ER EIN ALLUSJON?	2
2.2. AVGRENSING MOT INTERTEKSTUALITET	3
2.3. DIAKRON OG SYNKRON TILNÆRMING	3
2.4. TRE TYPAR ALLUSJONAR	4
3. ALLUSJONAR I <i>PRESTEN</i>.....	5
3.1. KARAKTEREN LIV	5
3.2. SKJULT ALLUSJON – DET SISTE MÅLTID	6
3.3. MARIA OG JENTA	6
3.4. BIBELVERS OG SAMEOPPRØR	8
3.5. INTENSJONEN TIL ØRSTAVIK.....	9
3.6. PRESTESEMINAR	11
3.7. IKKJE BRINGE FRED MEN SVERD.....	12
3.8. LIV OG PETER, GEOLOGEN OG JESUS	16
3.9. KONKRET SÅR VS. BILETLEG SÅR.....	18
4. AVSLUTNING.....	21
5. LITTERATURLISTE:.....	22

1. Innleiing

1.1. Inspirasjon og problemstilling

Religiøsitet og bibelske tekster er gjerne noko ein forbind med eldre tider. Kristendommen og Bibelen som eit verk, har vorte populær å vise til. Bibelen blir òg i dag alludert til av samtida sine forfattarar. Kristendommen har alltid vore ein stor del av den norske kulturen og samfunnet. Noreg pleidde å ha ei statskyrkje. I seinare tid vart statskyrkja avvikla og kyrkja vart eit eige rettssubjekt. Dette som følgje av at Noreg nå er eit fleirreligiøst land. Kristendommen har hatt ein nedgang i tilhøyrarar og religionen har fått mindre betydning i det moderne samfunn (Den norske kirke). Det er difor interessant å sjå at forfattarar ennå vel å alludere til Bibelen.

I denne oppgåva vil eg ta for meg Hanne Ørstavik sin roman *Presten* (2004). Noko som er typisk for Ørstavik sin litteratur er at ho ofte kretsar rundt problemstillingar som er knytte opp mot ein inderlegheitsetetikk. Ein kan òg sjå igjen ei subjektiv sannheitssøking som er kompromisslaus. Dette gjer ho ved å setje fokus på sjølvutviklingsterminologi og religiøse klisjear (Andersen, 2012, 658). I *Presten* oppdagar ein desse religiøse klisjeane i form av bibelallusjonar, både tydelege og meir skjulte allusjonar. Hovudpersonen opplev livet gjennom det religiøse. Hennar subjektive sannheit baserer ho på utsegn som står i Bibelen.

Då eg las *Presten* (2004) la eg merke til enkelte bibelallusjonar. Boka til Ørstavik er eit godt døme på korleis bibelallusjonar i ein nåtidsroman kan arta seg. I dag er det få menneske som har god kjennskap til Bibelen, likevel vel Ørstavik å ta i bruk det eldgamle grepet med bibelallusjonar, for å få fram viktige poeng i romanen sin. Det er difor interessant å sjå korleis ho gjer allusjonane tilgjengelege for lesarane. Ein vil vidare sjå at bibelallusjonar er eit omfattande tema. I denne oppgåva vil eg sjå på bibelallusjonane i Hanne Ørstavik sin roman, *Presten*. Ho brukar allusjonane som ei litterært grep i boka si. Eg har sett fokus på måten ho alluderer på, og korleis allusjonane har betydning for plottet i romanen hennar.

2. Teori

2.1. Kva er ein allusjon?

Ein kan seie at ein allusjon er ein indirekte referanse. Dette er eit greitt utgangspunkt, men det er ikkje tilfredsstillande nok. Allusjon blir meir og meir brukt som eit sentralt verkemiddel i litterære verk. (Irwin, 2001, 287) Det er klart at allusjon er eit mangefasettert fenomen og ein kan studera det frå ulike aspektar. For eksempel så kan ein studera det frå eit litterært, intertekstuellt eller kognitivt synspunkt. I kvar av desse tilnærmingane blir allusjonen tolka ganske breitt, noko som kan føre til at det blir utfordrande å formulera ein enkelt definisjon (Massalskaya og Bessemelnaya, 2020, 74). I denne oppgåva vil eg studera allusjon frå eit litterært og intertekstuellt synspunkt, med utgangspunkt i William Irwin si framstilling av allusjon.

Irwin slår fast at ein mogleg definisjon av omgrepet kan vere at allusjon er ein referanse som er indirekte i den forstand at den krevjar assosiasjonar som går ut over substitusjonen av ein referent. I tillegg er det slik at tekst A spelar på tekst B, utan at tekst B spelar på tekst A. (Irwin, 2001, 289-290). Allusjonar kan difor opptre både som direkte sitat, men og som ein omskriven referanse. Ein kan alludere til personar og hendingar, så vel som til tekst. Ein kan òg seie at allusjon er eit element i ein tekst, det er stilen til forfattaren og kulturen til eit bestemt språkleg fellesskap. Det kan vere ein måte å kode og omsetje kulturell kunnskap på, i tillegg spelar forfattarens intensjonar ei rolle. Ein allusjon er altså noko veldig omfattande (Massalskaya og Bessemelnaya, 2020, 76). Ut ifrå denne vide definisjonen kan det vere mange ulike allusjonar å finne i ein tekst.

Allusjon er ein form for referanse, men det er ein del ueinigheiter rundt vilkåra som må ligge til grunn for at ein kan kalle noko for ein allusjon. Dei kan blant anna opptre både som skjulte og indirekte, eller openlyse og direkte. William Irwin legg vekt på at ein må vurdererolla intensjonen spelar i ein allusjon. Allusjonar trekk ofte på informasjon som gjerne ikkje er like tilgjengeleg for alle medlem i eit kulturelt og språkleg fellesskap. Det er eit utsegn, og ifølgje Irwin er det ein føresetnad for å kunne rekna noko som ein allusjon at forfattaren må ha til hensikt at allusjonen skal føre til assosiasjonar hos lesaren. Desse assosiasjonane er nødvendige for at ein skal kunne få ein korrekt og fullstendig forståing av allusjonen. Ein kan

risikere å gå glipp av viktige og gode poeng i ein tekst, dersom ein ikkje klarar å forstå eller knyte rette assosiasjonar til allusjonen som er gitt. Effekten av ein allusjon varierer ut ifrå kunnskapen lesaren har frå før av (Irwin, 2001, 288)

2.2. Avgrensing mot intertekstualitet

Fleire kritikarar ser på intertekstualitet som noko som er synonymt med allusjon. Julia Kristeva tok i bruk omgrepet intertekstualitet for å vise ein form for tekstleg interrelasjon, og omgrepet vart laga for å overskride omgrepet allusjon. Ho definerte det ut ifrå Bakhtin sin definisjon som «any text is constructed as a mosaic of quotations; any text is the absorption and transformation of another» (Kristeva, 1977, 66). Kristeva var ikkje einig i bruken av omgrepa intertekstualitet og allusjon som synonym. (Machacek, 2007, 523-524) Eg kjem heller ikkje til å bruke omgrepet intertekstualitet då det er noko mykje meir omfattande enn det eg har tenkt å studera i denne teksten, som er bibelallusjonar (Massalskaya og Bessemelnaya, 2020, 75).

2.3. Diakron og synkron tilnærming

Ein set eit skilje mellom tilnærmingar som tek føre seg teksten diakront og dei som studera teksten synkront. Ei synkron tilnærming til tekstlege samanhengar har vorte typisk for nyhistorismen og kulturstudia, som har vore ein stor del av litteraturvitskapen dei siste tretti åra. Her analyserer ein litteratur med utgangspunkt i dokument frå same periode. Dette er altså tekstar frå same tid. I motsetnad til allusjonsomgrepet, som tilhøyrar diakrone tekstrelasjonar, kvar ein flyttar forståing mellom ulike periodar. Machacek forklarar diakron intertekstualitet som eit tekstutdrag som kan minne om ein frase frå eit arbeid i eit tidlegare forfattarskap, men som er vorte tatt i bruk i ein ny kontekst, av ein ny forfattar. Ein allusjon er altså ein rekontekstualisert fraseologisk imitasjon. (Machacek, 2007, 523-524) Ettersom denne artikkelen tek føre seg allusjonar, vil det seie at undersøkinga som blir gjort her vil sjå på den utvalde teksten sin diakrone tekstrelasjon.

2.4. Tre typar allusjonar

Machacek skil mellom tre ulike typar allusjonar, nemleg fraseologisk adaptasjon og lærd eller indirekte referanse. Fraseologisk adaptasjon handlar om korleis frasar og formuleringar frå ein tekst, blir innarbeida i ein ny tekst (Machacek, 2007, 525). Lærd referanse er omgrepet han brukar om refereringar til kunnskap som er mindre kjent for andre. Ein indirekte referanse forklarar han som ein mindre openberr referanse til noko kjent. Desse to kan i tillegg meir eller mindre gå inn i kvarandre og referere til idear og tema, så vel som til forfattarar og verk (Machacek, 2007, 526). Grunnen til at desse går inn i kvarandre er fordi det som gjerne er kjent for nokon, kan vere ukjent for nokon andre. Allusjonar til Bibelen i romanar vil i nokon tilfelle kunne gå innunder her. Dette fordi forfattarar kan referere til bibelsk handling og bibelsk tematikk, utan å kome i direkte kontakt med den bibelske grunnteksten (Machacek, 2007, 526-527).

3. Allusjonar i *Presten*

3.1. Karakteren Liv

I romanen har vi ein førsteperson forteljar. Vi får fortalt historia gjennom hovudpersonen Liv. Liv er 35 år gamal, og arbeidar som prest i ein liten by i Finnmark. Ho har budd i prestebustaden der i omtrent eit år. Her bur ho saman med kyrkjetenaren og hennar familie. Ho er ei dame som verkar noko tafatt. Ho er vanskeleg å kome inn på for dei andre, og slit med å knyte nære relasjonar til andre menneske. Til å arbeide som prest er ho distansert, og har utfordringar med å vise omsorg for menneska som deltek i forsamlinga. Ho er noko tvilrådig, og det er ganske tilfeldig at ho starta på teologistudie, og vart prest. Ho studerte i Tyskland, og her trefte ho ei dame som ho klarte å knyte ein nær relasjon til. Denne relasjonen er kortvarig, fordi denne dama tek livet av seg, og det kan tenkjast at det er difor ho ikkje ynskjer å sleppe nokon andre inn på seg. Ho brukar Bibelen som middel for å forklara og reflektera rundt det ho opplever i livet. Tankane hennar vekslar mellom tre ulike plan, som alle har ulike tidsrom. Ho tenker på det som skjer i nåtida, i byen ho arbeidar i som prest. Ho har òg tilbakeblikk til då ho studerte i Tyskland, hendingar derifrå, og venninna hennar sitt sjølv mord. Det siste planet tankane hennar vekslar rundt er sameopprøret i Kautokeino i 1852. Ho starta å skrive doktorgraden sin om dette opprøret, og fortsett å tenke på det etter at ho har slutta å studera.

I romanen til Ørstavik er det mange allusjonar, både tydelege og mindre tydelege. Eg har valt ut nokon allusjonar som eg synes er interessante å sjå nærare på, i forhold til problemstillinga mi. Nokon av allusjonane dukka opp i nåtida, andre frå då ho studerte i Tyskland, og nokon står i samanheng med tankane ho gjer seg om sameopprøret i Kautokeino. Det er greitt å sjå på allusjonar frå alle dei tre tidsromma, ettersom det er nokon skilnadar i allusjonane ut ifrå kva plan dei opererer i. Eg har ikkje plassert dei i kronologisk rekkefølge, men i ei rekkefølge som gjer at eg lettare kan forklara dei opp mot problemstillinga.

3.2. Skjult allusjon – Det siste måltid

Boka opnar in media res med setninga «Dette er Jesu blod». (Ørstavik, 2004, 5). Allereie her som fyrste setning har vi ein allusjon til Bibelen, Jesu. Dette er ikkje eit utsegn som er direkte henta frå Bibelen, men eit utsegn det er naturleg å assosiera med Bibelen og den kristne tru. Jesus er ein av dei mest kjente personane frå Bibelen. Denne allusjonen alluderer til ein bibelsk person, meir enn bibelsk tekst. Det blir uttalt under eit nattverdsritual som Liv held for kyrkjeforsamlinga si oppe i Nord. I denne allusjonen merkar vi godt brytingspunktet mellom fraseologisk adaptasjon og lærd eller indirekte referanse, som Machacek beskriv. Ørstavik refererer til bibelsk handling og tematikk utan å eigentleg ha ein direkte kontakt med Bibelen som grunntekst. Setninga kan vere kjent for nokon, kanskje dei fleste, og ukjent for andre. Samtidig står det ikkje direkte i Bibelen.

Nattverdsritualet i seg sjølv opptre òg som ein allusjon til det siste måltidet, slik som det blir skildra i Bibelen (Matt. 26:17-30, 2011). Nemnt i teorien (sjå kap. 2.1.) så er ein allusjon eit utsegn ein kan knyte assosiasjonar rundt og forfattaren må ha meint for lesaren å skape desse assosiasjonane. Denne allusjonen opptre meir eller mindre skjult, i motsetning til andre allusjonar vi skal sjå på seinare i teksten. Det ein vil sjå vidare er at Ørstavik skriv at allusjonane står i Bibelen, eller at ho tenker på noko som står ein anna stad, og så må ein som lesar danne koplingane til kvar den staden er. Likevel gjer ho det tydeleg at det er ein allusjon ein står ovanfor. Denne første allusjonen har ho likevel valt å skjule. Denne allusjonen er gjerne så tydeleg at Ørstavik ikkje har sett det nødvendig å påpeike at det er ein allusjon. Eg vil tora å påstå at dei aller fleste kjenner til Jesus, at han høyrar til Kristendommen, og at han er nemnt i Bibelen.

3.3. Maria og jenta

Ei ung jente tek livet sitt og Liv skal halde gravferd i den samanhengen. Liv hadde lagt merke til eit bilete av jenta då ho var heime hjå foreldra hennar. På det bilete hadde jenta ei tatovering av eit hjarte med ei pil. I samanheng med planlegginga av gravferda så står det «Jeg tenkte på det tatoverte hjerte med pilen gjennom, jeg tenkte på det det står om Maria, at hun gjemte engelens ord i sitt hjerte, og grunnet over dem (Luk. 2:19, 2011)» (Ørstavik, 2004, 218). Dette er tankane til Liv og ein ser tydeleg her at ho tenker gjennom Bibelen. Dette er

ikkje ein sitert allusjon, den er i omskriven form. Det er ein fraseologisk adaptasjon (sjå kap. 2.4.). Ørstavik fortel lesaren at det er ein allusjon ved å formulere at dette er noko hovudpersonen tenker på. Det er ikkje sjølvstendige tankar hovudpersonen har, men tankar som er henta frå ein anna plass. Dersom ein har ein generell kunnskap om kristendommen og bibelske tekstar, vil ein knyte utsegna opp mot Bibelen og gjerne opp mot juleevangeliet (Luk. 2:19, 2011).

Irwin snakkar om at intensjon spelar ei rolle i tolking og forståing av ein allusjon. Han meiner at forfattaren må ha hatt ein intensjon om at allusjonen skal vekka assosiasjonar hos lesaren for at ein i det heile tatt kan kalla det ein allusjon (sjå kap. 2.1.). Ørstavik fortel i fleire av sine allusjonar at det er ein allusjon. Enten så påpeikar ho at utsegna er henta frå ein anna stad, eller så skriv ho direkte at det er henta frå Bibelen. Intensjonen hennar er difor svært tydeleg og det er vanskeleg å oversjå allusjonane ho har valt ut i romanen. På denne måten sørger ho for at lesarane oppnår betre forståing av allusjonen. Dei er klar over at det er ein allusjon. Deretter vil tolkinga og grad av forståing vere avhengig av bakgrunnskunnskapen til lesaren, og det vil sjølvstendige variere frå lesar til lesar. Likevel har Ørstavik på denne måten minimert sannsynet for at viktige poeng i teksten forsvinn. Ein blir som lesar nøydt til å tenke på kvar dette utsegna er henta frå. For dei som kjenner til Bibelen og kva som står der, vil dei ha ein klar forståing av denne allusjonen. Dei som har mindre kunnskap om Bibelen, vil sjå at dette er ein allusjon, utan å kunne lese den like klart frå Bibelen som dei som har god kjennskap til det religiøse verket.

Her visar Liv til hendinga då Maria får vite at barnet ho nettopp har føydd er frelsaren, Messias. Det er desse orda ho gøymmer i hjarte sitt (Luk. 2:19, 2011). Det er noko paradoksalt i å samanlikne hendinga då Maria får vite at barnet ho nettopp har fått er Messias, med ei ung jente som tek livet sitt. Det kan tenkjast at Liv her tenker på at jenta har oppnådd frelse i sin død. Ho følar ikkje lenger smerte, men fred, og difor vel Liv å samanlikne sjølv mordet med beskjeden om Messias. Eller gjerne det er ein løyndom det er snakk om. Maria gøymte noko i sitt hjarte og jenta gøymte noko anna i sitt. Gjerne ho har gøymt grunnen til at ho valte å ta livet sitt. Det er uansett ein merkverdig samanlikning Ørstavik har valt å bruke her. Som nemnt er allusjonen tydeleg. Paradokset er at det samtidig er utydeleg for oss, ettersom at relasjonen mellom Maria og jenta er gåtefull for oss. Ein ser at sjølv om allusjonen er tydeleg, så er det likevel eit ope rom for ulike tolkingar når han blir rekontekstualisert i romanen.

3.4. Bibelvers og sameopprør

Det blir vist direkte til eit vers i Bibelen ved å skrive «Deres Berettigelse til baade at dømme og til at fordømme støttende de nu som altid paa I Kor. 6, 2.3.» (Ørstavik, 2004, 144) I 1. Korinter 6:2-3 (2011) står det «Vet dere ikke at de hellige skal dømme verden? Men når dere skal dømme verden, hvorfor duger dere ikke da til å dømme i småsaker? Vet dere ikke at vi skal dømme engler? Kan dere ikke da dømme i jordiske saker?» Denne allusjonen dukka opp under refleksjonar Liv gjer rundt dokumenta ho arbeider med i samband med sameopprøret i Kautokeino. «Bibelen ga dem makt til å gjøre det, de kjente seg hellige, utvalgte. For det står jo også der, i Bibelen. Og det trodde de på, at de var hellige, og usårlige, satt til å dømme. Fordi de ville tro det, fordi de måtte? Som en siste mulighet?» (Ørstavik, 2004, 144) Dette er ein veldig tydeleg bibelallusjon. Ørstavik skriv direkte at det står i Bibelen, i tillegg til at ho referer til eit vers i Bibelen.

Opprøret var hardt og mange vart skada (Arkivverket, 2018). Det kom overraskande på myndighetene, då samane ikkje hadde vist teikn til å utøve vald tidlegare (Arkivverket, 2017). Liv viser forståing for samane og opprøret deira. Ho tenker at ho ikkje veit korleis det var å vere dei, i deira situasjon, men at ho forstår at dette var noko som var viktig for dei. Samane kjempa for noko dei trudde på «Og så fikk de en tekst hvor det sto at Jesus var på de svakes side. At Gud setter undertrykte fri». (Ørstavik, 2004, 145.) Dei fekk Bibelen omsett til samisk, ein tekst som seier at dei kan krevja og dømma.

Liv rettferdiggjjer opprøret til samane. Ho meiner det er sjølv sagt at samane gjer dette opprøret på grunnlag av Bibelen, sidan dei er dei svake i hennar augo. Ho førar saman ein sekvens frå Bibelen som handlar om å dømme nokon, saman med samane sitt opprør og mot dei som undertrykker dei. Dei dokumenta Liv arbeider ut ifrå tek berre for seg sida til dei norske, som presten, lensmannen og ein handelsmann. Ho arbeider ikkje med kjelder frå samane si sida, då dei kjeldene som er tilgjengelege i stor grad viser det som var dei norske myndighetene og embetsmennene sitt syn på saka. Det er ikkje tilgjengelege kjelder på kvifor opprøret vart utløyst frå dei tiltalte eller øvrigheita (Arkivverket, 2018). Det Liv gjer er å skape eigne tankar om kva dei tiltalte og øvrigheita tenkte. Ho rettferdiggjjer opprøret på grunnlag av Bibelen.

Ein kan i denne bibelallusjonen tenke at Liv les dommedag saman med tankar ho har om sameopprøret. Ho samanliknar samane med dei som dømmer, ettersom dei vart fortalt at dei kunne dømme, gjennom Bibelen. Sameopprøret les ho som dommedagen, og presten, lensmannen og handelsmannen er oss menneska som skal bli dømt på dommedag. Dette viser kor alvorleg Liv synes dette opprøret er. For ho er fordømminga av samane og måten dei vart behandla på, nærast likestilt med korleis ho ser for seg at dommedag kjem til å utfolde seg. Sjølv om det var samane som starta opprøret, held Liv med dei og viser forståing.

Allusjonen om «Jesu blod», er opningssetninga i boka, og slår an tonen vidare (sjå kap. 3.2.). Nattverdsritualet er til minne om Jesu sitt offer for oss menneska. I Liv sine augo kan det verke som at ho tenker at samane òg gjorde eit offer. Fleire av samane som deltok i opprøret vart alvorleg skada eller drepen (Arkivverket, 2018). Allusjonen til Jesu sitt offer får ein ny betydning i den nye samanhengen.

Det er òg verdt å legge merke til at allusjonane er formulert i ei eldre språkføring. Dette vil ein sjå gjeld vidare i analysen òg, når det kjem til allusjonane knyte opp til sameopprøret. Bibelutgåva bibelsitata er henta ut ifrå er Bibelen som vart brukt under sameopprøret. Boka som vart gjeldande på den tida er frå 1834. Ein har ikkje altså berre å gjere med ein allusjon til Bibelen, men og ein allusjon til dokumenta knyte til sameopprøret. Det blir difor ein form for dobbelallusjon. Dette vil ein òg sjå seinare i oppgåva.

3.5. Intensjonen til Ørstavik

I tankane til Liv dukkar denne bibelallusjonen opp «Jeg veed ikke om det kan hjelpe mig noget, at I tilsige mig Syndernes Forladelse (Apg. 10:43, 1834)». (Ørstavik, 2004, 233). I Bibelen står det «Ham gir alle profetene det vitnesbyrd at hver den som tror på ham, får syndenes forlatelse ved hans navn» (Apg. 10:43, 1834). Ho tenker på eit dokument frå sameopprøret i Kautokeino, det ho skriv doktorgradsavhandlinga si om. Personen «A» blir her stilt eit spørsmål av nokon og eit av svara han avgjer er denne bibelallusjonen. Liv tenker på desse svara når ho køyrer mot kyrkja ho skal halde gravferd i, og mot huset til foreldra til jenta som tok livet sitt. Referansen til Bibelen er her frå det samiske synspunktet ei peiking på at den personen han snakkar med ikkje har noko rett til verken å dømme eller tilgje han, det er

det berre Gud som kan gjere. På same måte ønsker Liv å fortelje seg sjølv at ingen andre enn Gud og ho sjølv kan dømme eller tilgje ho. Handlingane hennar kan ikkje bli dømt av andre.

De dro av sted med rein foran sledene som skjold og sverd den rettfærdigheten de hadde fått i hendene, språket, ordene i bibelen. For står det ikke der at tro kan flytte fjell? Står det ikke der at de som er de siste, skal bli de første? Står det ikke der at den som ber, skal få. At den som banker på, skal det lukkes opp for? Og var det ikke det de ville, at det skulle lukkes opp for dem. At det som sto, skulle få virke, at det som sto, skulle få bli virkelighet. Også for dem. Det står jo der at alle er like for Gud. (Ørstavik, 2004, 69)

Her òg fortel boka sjølv at det er ein bibelallusjon. Dette gjer det lettare for lesarane å forstå at her må ein danna assosiasjonar til eit anna verk, og kva verk forfattaren har hatt til hensikt at dei skal danne ein assosiasjon til. Slik står det formulert i Bibelen om at tro kan flytte fjell: «Men Jesus sagde til dem: for eders vantros skuld thi sandelig siger jeg eder dersom I have troe som et senepskorn, saa maae I sige til dette Bjerg: flyt dig herfra derhen, saa skal det flytte sig og eder skal intet være umuligt (Matt. 17:20, 1834)». Her ser ein godt samanhengen med Bibelen i tankane til Liv, om at tro kan flytte fjell.

Det er eit klart mønster i dei allusjonane Ørstavik presenterer og i måten dei blir presentert på. I dei fleste allusjonane så blir det oppgitt at det er ein allusjon. Så må ein som lesar knytte desse allusjonane opp mot Bibelen. Her vil det vere variasjon i lesarane si forståing av allusjonane som er presenterte. Dei som har god kjennskap til Bibelen vil enkelt kunne forstå og kjenna til konteksten sitatet inngår i. Dei lesarane med mindre kunnskap om Bibelen vil ha ei anna forståing. Dei vil kunne forstå at det er bibelallusjonar, ettersom Ørstavik viser det så tydeleg, men dei vil ha ein anna forståing av konteksten det inngår i. Skilnaden ligg i kor ulik grad lesarane forstår bibelallusjonane Ørstavik presenterer (sjå kap. 2.1.). Ein ting å legge merke til er at det i materialet om samane er vorte brukt bibelallusjonar som er henta frå stader i Bibelen som er mindre kjente for allmenta. I tillegg brukar ho den eldre bibelversjonen, som kan vere vanskelegare å forstå enn dei nyare omsetningane. Det kan tenkjast at grunnen til at Ørstavik har valt å hente allusjonar frå mindre kjente stader i Bibelen, i denne samanhengen, er at folk på den tida hadde mykje betre kunnskap om Bibelen i detalj, enn det lesarane i dag har.

William Irwin understrekar viktigheita intensjonen til forfattaren har å seie for tolkinga av allusjonane. Han argumenterer for at dette er eit av vilkåra som må ligge til grunn for å kunne kalle noko ein allusjon. Dersom ikkje forfattaren har hatt intensjon om å alludere til ein tekst, kan det ikkje vere ein allusjon. Det blir òg lagt vekt på at forfattaren må ha hatt til hensikt at allusjonen skal føre til assosiasjonar (sjå kap. 2.1.). Ein treng ikkje vurdere grad av intensjon her, for Ørstavik gjer det klart at dette er ein allusjon og at ho har meint noko med an.

3.6. Presteseminar

Liv dreg på eit seminar for prestar. Dette var noko soknepresten pleidde å dra på, men denne gongen hadde Liv bedt om å få reise sjølv. Seminaret vart heldt i det området der sameoppørret hende. Ho tenker på korleis presten på den tida vart tiltalt for fire ulike punkter, året før oppørret braut ut. Liv må gjere noko. Ho veit ikkje sjølv kva ho må gjere, men ho kjenner på seg at det er noko. Allusjonen «Hvorledes kunde Presten prædike om Fred, da dog Kristus siger: Jeg er ikke kommet for at sende Fred (Matt. 10:34, 1834)» kjem etter desse tankane (Ørstavik, 2004, 186). Denne allusjonen opptrer skjult i første omgang, men ein får den forklart lenger nede på same side.

Lenger nede på sida står det «Jeg er ikke kommet for å bringe fred, men sverd (Matt. 10:34, 1834), sto det der i Bibelen. Jeg er kommet for å sette et skille» (Ørstavik, 2004, 186). Her fortel ikkje Ørstavik berre at det er ein allusjon lesaren står ovanfor, men at det er ein allusjon frå Bibelen. Det er ingen tvil om at det er ein bibelallusjon. Her er det tydeleg at spørsmålet om forfattaren har hatt intensjon og hensikt om at allusjonen skal føre til assosiasjonar fell bort. Ein blir som lesar nøydd til å knyte allusjonen opp mot Bibelen og ein vil ikkje lykkas med å prøve å knyte andre assosiasjonar til allusjonen (sjå kap. 2.1.). Her veit ein kvar ein skal for å finne allusjonen, men ein må sjølv identifisera den rekontekstualiserte fraseologiske imitasjonen. Ved slike tydelege allusjonar som her blir ikkje utfordringa å oppdage allusjonen, men å forstå han.

Liv meiner at presten ikkje lyfta noko sverd. «Men han hjalp dem jo ikke å sette skille. Han løftet ikke noe sverd (Matt, 10:34, 1834), bare stokken hadde han løftet, og slått dem fra seg» (Ørstavik, 2004, 186). Liv reflekterer òg over sitt eige sverd (Matt, 10:34, 1834). Ho kjenner

seg ikkje velkomen på presteseminaret. Fleire av dei andre prestane er misfornøgdde med at ho er ein kvinneleg prest. Dei meiner det berre er menn som bør stå i kyrkja og tale Guds ord. Så kva skilje skal ho kunne sette? Ho tenker ein del på at ho burde stått opp og imot dei som var imot henne som kvinne og prest. Sverdet i denne allusjonen er Jesus sine ord, men òg Liv sine. Liv burde ikkje berre brukt stokken til å slå litt i frå seg, ho burde brukt sverdet til å stå opp for seg sjølv.

Ein av prestane som talar på seminaret går bort til Liv føre heile forsamlinga og seier «Og du. Hvilket mandat har du fra Gud. Hva er det som gjør at du tror at noe har forandret seg, at ikke Pauli ord står fast den dag i dag. Han så på meg.» Her vel Liv å ikkje kommentere det mannen seier til ho. Ho synes ikkje at det treffer henne heller, det er difor ikkje noko vits i å svare. Vidare tenker ho at han har rett, likevel: «For det var jo sånn det var, han hadde forsåvidt rett i det. Ordene står der. Paulus´ ord, Markus´, Matteus´, og Johannes´. Jeremia, salmene, Job. Ordene står og står, tenkte jeg» (Ørstavik, 2004, 176).

Dette er òg ein form for bibelallusjon. Det ein gjerne forbind med ein bibelallusjon er at det blir vist til ein setning eller eit vers frå Bibelen, men ein allusjon kan vere mykje meir enn berre tekstsitat. I denne samanheng vart det alludert til ulike bøker Bibelen. Her igjen blir lesaren fortalt at dette er ord som står ein anna plass. Bibelallusjonen er tydeleg og handlar om at kvinner skal tie i forsamlingar (1 Kor, 14:34, 2011). Krava til allusjon er oppfylt ved at det skaper assosiasjonar til verket det blir vist til, og forfattaren har hatt ein intensjon om å vise til det verket. Denne oppramsinga av innhaldet i Bibelen er noko dei fleste vil forbinde med bibelsk tekst. Dette handlar om retten til å vere prest. Ho konfronterer sitt eige liv med det som står i Bibelen.

3.7. Ikkje bringe Fred men Sverd

Denne allusjonen «[...] han var ikke kommen for at bringe Fred men Sværd (Matt 10:34, 1834).» blir òg gjenteke i slutten av boka (Ørstavik, 2004, 210). Her er Liv i ein konfrontasjon med venninna hennar Kristiane. Kristiane sitt namn er ein allusjon til namnet Kristus. Namnet Kristus betyr «den salvede» eller «Messias». Det kan tenkjast at Kristiane var ein form for frelsar elle Messias for Liv. Då Liv kom til Tyskland, fann ho ein tryggleik og trøyst i

venskapet med Kristiane. Ho såg opp til venninna og lena seg mykje på relasjonen deira, heilt fram til krangelen deira.

Kristiane sto i det store rommet sitt og slapp ordene ut som ballonger, hun så på dem, pekte og lo av dem. Jeg tar bare noen andre, Liv, jeg tar bare noen andre hvis disse ikke passer. Og så kom jeg vraltende, stiv, med ordene mine som tunge steiner.

«A: Jo, men Christus siger, han var ikke kommen for at bringe Fred men Sværd (Matt, 10:34, 1834).

Jeg: Men det var jo dog Aandens Sværd, som er Guds Ord, Jesus talte om.

A: Ogsaa Petrus brugte Sværd imod Jesu fiender.

Jeg: Men Jesus sagde da ogsaa til ham, at han skulde stikke sit Sværd i Skeden, og at hvo, som griber til Sværd, skal omkomme ved det (Matt, 26:52, 1834).

A: Ja, fordi det ikke vilde nyttet, om Petrus alene havde grebet Sværd.» (Ørstavik, 2004, 210)

Allusjonen opptrer i en samtale mellom to personar, som blir referert til som «A» og «Jeg». Denne allusjonen er òg frå den eldre bibelutgåva, i tillegg kan det sjå ut til at det er tale om ein allusjon i form av imitert stil. Det kan verke som at dette er ein samtale Liv har i hovudet sitt, mellom to personar som snakkar likt skriftspråket frå den eldre bibelomsettinga frå 1834, i nåtida. Dei diskuterer kva Jesus meinte med å ikkje bringe fred, men sverd. «Jeg» meiner at sverdet representerer Guds ord, medan «A» argumenterer for at det òg kan vere snakk om eit ekte, hardt og kaldt sverd. Denne allusjonen til Bibelen står midt i eit tilbakeblikk Liv har, til då ho studerte i Tyskland. Her har det oppstått ein krangel mellom ho og hennar nære venninne Kristiane. Liv reflekterer rundt krangelen og korleis den utfolda seg ved hjelp av bibelallusjonen. Ho brukar allusjonen til å forklare for seg sjølv kva som eigentleg hende. Dette er eit tydeleg eksempel på korleis Liv brukar Bibelen og kristendommen til å forklare hendingar i livet hennar. Ho sjølv og livet hennar står i direkte dialog med Bibelen.

Som om det som skjedde den kvelden, var at sverdet i språket gled over og ble et virkelig sverd. Tungt og hardt og glatt.

Og jeg hadde holdt det, jeg hadde stukket det i Kristiane. Jeg hadde stått der skrevende over henne og stukket det gjennom henne, stukket og stukket sverdet i henne så blodet rant utover de morkne bladene under kvistene i tåka der i dalen, en liten bekk av blod som rant nedover under de store trærne.

Nei, det var jeg som lå på ryggen på gulvet og hun som sto over meg og skulle til å slå meg i hodet med vinflaska og så holdt jeg sverdet opp foran meg og så kom hun for nær, hun falt fram på det med hånda hevet og flasken høyt oppe på vei ned mot meg for å slå.

Du orker ikke at det gjør vondt, sa jeg.

Det var det jeg sa.

Du orker ikke at noe gjør vondt, du vil bare ha det deilig. Men det er ikke deilig, det er veldig mye som ikke er deilig, som ikke er lett. Og det orker du ikke, sa jeg. (Ørstavik, 2004, 210-211)

Liv samanliknar hennar krangel med Kristiane, med orda i Bibelen. Ho meiner at orda hennar til Kristiane vart så sårande at dei kjentest som eit ekte sverd som ho stakk henne med.

Kristiane såra Liv først, men Liv tok mykje hardare i. Ho konfronterer venninna sine svakheiter, at venninna ikkje toler smerte. Ein kan tolke utsegna til Jesus som at han ønska å bringe fred, men at konsekvensen var at folket vart splitta og det påførte andre smerte. Liv ønska å få Kristiane til å forstå at ho burde ta livet meir på alvor, men dette skapte smerte og splid. Liv ser på Jesus som kompromisslaus, og står sjølv fram som kompromisslaus i krangelen med Kristiane. Ho driv med ei subjektiv sannheitssøking som òg er kompromisslaus.

Hva mener du, sa hun, hva er det jeg ikke orker?

Alt, sa jeg, hele tiden. Du orker ikke å lage forestillinger som gir virkelig erkjennelse, det gjør for vondt, du orker ikke høre på meg når jeg kommer til deg og er fortvilet, du bare blåser det bort. Du orker ikke vekten av noen ting, sa jeg.

Hun bare satt der å så på meg. Hvorfor svarte hun ikke. Hvorfor bare satt hun der og så på meg. (Ørstavik, 2004, 211)

Liv fortel videre at ho skulle ønske at Kristiane svarte henne. Ho fortsett å stikke henne med sverdet. Ho fortsett å konfrontere henne og kjenslene hennar. Liv tar opp kjensler Kristiane har om dottera si. Denne konfrontasjonen ender med at Kristiane kaster Liv ut, utan å seie eit ord. Ho berre opnar døra og ser på Liv. Liv forstår fort kva Kristiane meiner, og forlét rommet. Ho kom heim og innsåg for seg sjølv at ho ikkje var sur på Kristiane på dottera sine vegne, men for si eiga skuld. Ho hadde trengt henne, og Kristiane stilte ikkje opp (Ørstavik, 2004, 211-212).

Kort tid etter denne krangelen så gjer Kristiane sjølv-mord. Ho tek sitt eige liv, før Liv rekk å ordne opp med henne. Slutten av denne scena viser lesaren at Liv hadde behov for å bli lytta til og vist forståing for dei utfordringane ho stod ovanfor i livet. Liv skaper uro mellom henne sjølv og venninna. Ho held fast på det ho meiner er sant, og sårar venninna på grunn av dette. Ho kjenner på ei skuld. Ho kjenner skuld for å ha forårsaka Kristiane sitt sjølv-mord. I tillegg kjenner ho skuld for at ho ikkje tidlegare innsåg at Kristiane hadde det vanskeleg. Liv tenker på at ho trengte venninna si, men innsåg ikkje at venninna òg trengte Liv. Ho synes at Kristiane hadde det lett og var heldig. Ho sjølv har alltid kjent seg mørk til sinns, i forhold til Kristiane som var mykje lettare og lysare. Kristiane verka alltid så glad og lykkeleg. Det er vanskeleg for Liv å akseptere at ho ikkje la merke til dei utfordringane Kristiane hadde og dei tankane som tynga henne. Dette reflekterer ho rundt gjennom Bibelen.

Bibelallusjonen om sverdet viser at Liv sårar med orda sine og ho hadde ein intensjon om å såra. I allusjonen om Jesus viser det at Jesus sa det han sa, ikkje for å såra, men for å påpeike ei sanning som andre opplevde som ubehageleg. Liv derimot sa det meir for å såra, men brukar allusjonen for å overtyda seg sjølv om at ho òg snakka om ei ubehageleg sanning som Kristiane måtte høyre. Det er først etter konfrontasjonen at Liv forstår at det ho hadde sagt ikkje nødvendigvis var sanninga.

Sverd som ord høyrer til krangelen mellom Liv og Kristiane, at Liv stikker Kristiane med sverdet/orda, og at desse orda sårar. Dette sverdet det blir referert til i bibelallusjonen kan bli tolka på fleire måtar. Ein kan tolke det som at sverdet Liv brukte i form av ord, fekk same verknad som eit ekte sverd og fører til at Kristiane døyr. Ein kan òg tolke det som at Kristiane brukte sverdet mot Liv. Kristiane har med sine ord sårt Liv, og ord fungerer som eit sverd. Vidare i allusjonen står det at den som tar eit sverd skal døy. Ein kan difor tenke seg at Kristiane har gripe sverdet, tatt det i bruk, og derfor døyr. At det er Kristiane som har brukt sverdet, sjølv om Liv gir seg sjølv skulda. Her ser vi korleis ho knyter Bibelen opp mot hendingar på ein sjølvkritisk måte.

Ørstavik brukar ein tydeleg bibelallusjon for å få fram tankane Liv har om seg sjølv i forhold til sjølv-mordet som venninna hennar gjorde. Ein får inntrykk av at Liv slit med ei kjensle av skuld etter sjølv-mordet. Ho reflekterer mykje rundt tida deira i lag og om det er noko ho burde

ha lagt merke til. Ho tenker om seg sjølv at ho burde ha passa betre på venninna, og at ho har ei «elendig omsorgsevne». Så kjem allusjonen til Bibelen:

«Som da disiplene skulle våke for Jesus i Getsemane da han gikk for å be. Han ble grepet av angst og gru, står det, og sa til dem: Min sjel er tynget til døden av sorg. Bli her og våk! Men da han kom tilbake, fant han dem sovende og sa til Peter: Sover du? Klarte du ikke å våke en eneste time? (Mark. 14:32, 2011)» (Ørstavik, 2004, 112).

Utan ein særleg tydeleg overgang så svarar Liv på denne allusjonen. Ho svarar at ho gjerne skulle ynskje at ho fekk det til. At ho skulle så gjerne gjort meir for venninna, dersom ho hadde forstått og sett at noko var galt (Ørstavik, 2004, 112). Ein ser her at Liv faktisk tenker og opplever livet sitt gjennom desse bibelallusjonane. Ho brukar bibelske hendingar til å reflektere over seg sjølv og livet sitt. Bibelsitat og omskriving av den bibelske teksten blir her nytta til å forstå den nye situasjonen. Det er ein spesiell form for rekontekstualisert fraseologisk imitasjon ein har med å gjere.

3.8. Liv og Peter, geologen og Jesus

Liv bestemmer seg for å gå på ein konsert i byen. Her møter ho ein mannleg geolog som ho straks liker. Dei finn tonen fort og pratar ein del utover kvelden. Geologen spør ein del spørsmål om Liv. Her er refleksjonane ho gjer seg når han spør om kvifor ho flytta til Finnmark.

Han hadde spurt meg om hvorfor jeg kom hit. Da jeg hadde kommet mot ham gjennom rommet, mellom alle menneskene, kommet fram til ham og satt meg, etter pausen.

Og jeg hadde ikke tenkt det da, bare merket det, som noe, en trekk av luft, et drag, men nå så jeg det, jeg så avstanden som var der, mellom oss, der ved bordet, mellom alle ting. Som om alt gled fra hverandre. Glasset sto ikke på bordet mer, det var ikke kontakt mellom kroppen min og stolen. Beina mine og gulvet. Alt som var så vanskelig å forklare. Som var helt ute ved kanten, som nesten ikke var til å forstå, men som likevel var helt grunnleggende og klart. Et eller annet sted var det klart og tydelig. På en eller annen måte var det det, jeg fikk bare ikke tak i det.

Jeg åpnet munnen og skulle til å si noe, men så hadde han sett en annen vei. Et lite øyeblikk så han bort, han så på hun andre ved bordet som kom tilbake for å sette seg, ikke lenge, bare et kort blikk bort. Men det var nok til at jeg lot være.

Jeg tenkte på Peter som også ville gå på vannet, han klarte det så lenge han så på Jesus. Det var da han så ned, at han sank (Matt. 14:28-32, 2011). (Ørstavik, 2004, 104-105)

Dette er òg ein bibelallusjon. Ørstavik fortel òg her at lesaren møter på ein allusjon. «Jeg tenkte på [...]» fortel oss at dette er noko som er henta frå ein anna plass og det er tydeleg at det er Bibelen det er henta frå. Dei aller fleste vil kjenne igjen namna Peter og Jesus, og gjerne òg historia Liv tenker på her. Dette er på lik linje med førre allusjon, ein allusjon som referer til ein tekst og ikkje siterer. Det er òg her snakk om ein fraseologisk adaptasjon. Ørstavik har på denne måten gjort det klart for lesaren at det er ein allusjon. Det er nærliggande å tru at dei fleste vil knyte denne allusjonen opp mot Bibelen, ettersom at Jesus er nemnt. Jesus er ein av dei mest kjente personane i Bibelen. Det vil difor vere vanskeleg for lesaren å misforstå allusjonen når Ørstavik gjer det så tydeleg. Likevel vil ein kunne oppleve ulik grad av forståing blant lesarane, ut ifrå kunnskapen dei har om det religiøse verket frå før av. Dei som har god kjennskap til Bibelen vil gjerne hugse heile allusjonen, og i kva samanheng den står i. Andre vil forstå at dette er ein bibelallusjon, men ikkje klare å knyte teksten opp mot originalen på same måte.

Her samanliknar Liv situasjonen ho er i, med situasjonen Peter er i. Ho beskriv korleis det ikkje er kontakt mellom kroppen hennar og stolen, mellom beina hennar og golvet. Ho beskriv det som at ho flyt over desse objekta, nesten som at ho flyt over vatnet, slik som Peter. Ho tenker at det er vanskeleg å forklare, på same måte som det er vanskeleg å forklare korleis eit menneske kan gå på vatnet. Ho beskriv si oppleving av interaksjonen med geologen gjennom bibelsk tekst. Liv får Bibelen til å vere ein inngripande tekst i livet hennar og i livet til andre, den er retningsgivande. Ein ser her at ho knyter livet opp mot Bibelen på ein sjølvkritisk måte.

Ho fortsett med å samanlikne sin situasjon med geologen, med situasjonen mellom Peter og Jesus. Ho samanliknar geologen med Jesus. Liv har behov for ein tryggleik og søkar desperat etter dette i ulike situasjonar som oppstår i livet hennar. Her ønska ho at geologen skal bli

denne tryggleiken. Han skal fungere som hennar tryggleik, på same måte som Jesus var Peter sin tryggleik. Slik blikket til geologen heldt henne oppe, heldt Jesus sitt blick Peter oppe.

3.9. Konkret sår vs. biletleg sår

Liv tenker mykje på å forbinde sår. Dette står i kontrast til tankane ho har om sverd (sjå kap. 3.7.). Det å forbinde sår er ein setning som dukkar opp fleire plassar i romanen, i ulike samanheng. Dette er eit utsegn som kan bli tolka på ulike måtar. I denne teksten vil ein sjå på ei tolking av utsegna som konkrete og biletlege sår, og ei tolking av utsegna som ein bibelallusjon.

I møte med geologen blir ho spurt om yrket hennar. Liv vel her å skjule at ho er prest og svarar heller at ho arbeidar som sjukepleier. Det at ho seier ho er sjukepleier går igjen i nokon av dei allusjonane vi skal sjå på nå.

Liv tenker på møtet med geologen. Ho skulle ønske at ho fortalde han at ho ikkje er stiv, hard og vanskeleg. At ho berre er god og snill. «Jeg vil forbinde et sår (Jes. 30:26, 1930). Det var det jeg skulle sagt til ham da han spurte meg hvorfor jeg ble sykepleier.» (Ørstavik, 2004, 100) Liv er uærleg når geologen spør henne om yrket hennar. I staden for å fortelje at ho arbeidar som prest, seier ho at ho er sjukepleier. Vidare tenker ho på at ho gjerne hadde passa betre som sjukepleier enn prest.

Men jeg tenkte mye på det da jeg studerte, ville jeg si, at det var det jeg ville. Jeg snudde meg, i tankene så jeg opp på ham. Forbinde et sår (Jes. 30:26, 1930). Og at jeg kanskje burde ha vært sykepleier i stedet. At det ville passet både meg og verden bedre, og at jeg kanskje ville gjort mer nytte for meg sånn. Med plaster og bandasje og en sprøyte morfin. (Ørstavik, 2004, 100-101)

Øg i denne samanhengen får såret ein konkret betydning. Liv ønskte å forbinde sår i yrket sitt, men det gjekk ikkje den vegen. Ho tenker på kor tilfeldig det var at ho valte å studere teologi, og tenker på at ho gjerne ikkje passer så godt i arbeidet sitt som prest. Det er snakk om eit konkret sår, og ikkje eit biletleg sår som ein ser i andre utsegn om det å forbinde sår.

Tilbake til møtet med geologen, så ser Liv for seg at ho tar han med inn i prestebustaden og viser han bøkene sine. Ho tenker at dersom han ser bøkene hennar så vil han forstå at ho er prest og ikkje sjukepleier. Ho ser for seg dette utspele seg i tankane sine. «Og jeg som ville forbinde et sår (Jes. 30:26, 1930), sa jeg. Jeg får det ikke til.» (Ørstavik, 2004, 101). Her kan ein tolke utsegna som eit biletleg sår. At ho som prest ville hjelpe andre og gjere smerta deira lettare å handtera. Ho ville gjere noko godt for andre, men meiner sjølv at ho ikkje får det til.

Liv tenker òg på å forbinde sår i samanheng med Kristiane sitt sjølv-mord. Ho tenker på at ho skulle ha forstått og visst at Kristiane hadde det så vanskeleg at ho ønska å ta sitt eige liv. Her ser vi òg at det er snakk om eit biletleg sår, og ikkje eit konkret sår.

Jeg, som ville forbinde et sår (Jes. 30:26, 1930).

Jeg satte koppen i kummen, ryddet litt på benken. Jeg tenkte på at jeg hadde villet si det til ham, det om å forbinde. Det var ikke sånn at jeg hadde begynt rett på teologien. (Ørstavik, 2004, 112)

Dottera til kyrkjetenaren prøver òg å ta sitt eige liv. Ho overlever forsøket, men blir innlagt på sjukehuset på grunn av dei alvorlege skadane. Liv besøker henne der. Ho held handa hennar, og ser på den kvite bandasjen dei har tatt rundt handledda hennar. «Og jeg som ville forbinde et sår (Jes. 30:26, 1930). Jeg kom for sent, var ikke der jeg skulle, så ikke det som var å se. Som lå helt åpent oppe i dagen.» (Ørstavik, 2004, 226). Her pratar Liv om eit biletleg sår som ho burde ha merka og forbunde. I tillegg til å vere eit biletleg sår, er det òg eit konkret sår. Jenta Liv besøker har prøvd å tatt livet sitt ved å skjæra over hovudpulsåra. Så utsegna har dobbel betydning i denne samanhengen.

Ein kan altså sjå på utsegna om å forbinde sår som konkrete og biletlege sår. Det kan òg vere verdt å sjå på utsegna om å forbinde sår som ein bibelallusjon. I Jesaja 30:26. står det «[...] på den dag Herren læger sitt folks skade og forbinder såret av slag det fikk» (Jes. 30:26, 1930). Her er allusjonen meir skjult og truleg mindre kjent for allmenta. I samanheng med denne bibelallusjonen kan ein tenke seg at ho berre ville hjelpe andre menneske. Hennar ønske er at alle skal ha det bra og vere utan smerte. Det kan tenkjast at det var difor ho vart prest, for å kunne hjelpe folk med den sjelelege smerta dei har. Ho er ikkje så flink til det, å hjelpe andre og vise omsorg. Men ein får inntrykk av at ho veldig gjerne vil vere flink til det.

Ein kan òg trekke linjer frå utsegna til det å arbeide som prest i Finnmark. Det kan verke som at Liv har valt å flytte til Finnmark og arbeide som prest der, for å forbinde såret mellom samane og det norske folket, etter opprøret. Ho har mykje tankar om behandlinga samane fekk av den norske presten under opprøret. Liv kjenner ei draging mot Finnmark, og mot seminaret som blir heldt på staden der opprøret skjedde. Ho graviterer mot den staden.

4. Avslutning

Det er mykje interessant med bibelallusjonane i romanen til Ørstavik. Mange av allusjonane hennar er svært tydelege. Ho fortel lesaren rett ut at det er ein allusjon han møter på. I nokon tilfelle fortel ho òg at denne allusjonen er å finne i Bibelen. Dei som er mindre tydelege er likevel ofte enkle å forstå, ettersom dei har tilvisingar i seg. Det er òg rimeleg å anta at det er bibelallusjonar ettersom boka omhandlar ein prest. Spørsmålet om forfatternen har hatt intensjon, fell bort i måten Ørstavik presenterer allusjonane på. På grunnlag av dette så aukar ho sannsynet for at lesarane får ei rett lesing av romanen, men bakgrunnskunnskapen til lesaren vil likevel spele ei rolle på kor stor gard av forståing dei opplever når dei les allusjonen. Det er ein spesiell form for rekontekstualisert fraseologisk imitasjon ho brukar.

Ein anna ting som er verdt å nemne avslutningsvis er bruken Ørstavik gjer av dobbelallusjon. Ho brukar bibelallusjonar frå den eldre bibelutgåva når ho skriv om sameopprøre og arbeider med dokumenta derifrå. Ho alluderer ikkje berre til Bibelen, men òg til dokumenta frå sameopprøret i Kautokeino. Allusjonane brukt i denne samanhengen er mindre kjente for allmenta. Det kan tenkjast at ho brukar mindre kjente bibelallusjonar knyte opp mot sameopprøret, fordi bibelkunnskapen var mykje betre på den tida. Allusjonane i nåtida er mykje lettare tilgjengelege, truleg fordi bibelkjennskapen er mykje svakare i dag.

Det er tydeleg at Liv lever livet sitt gjennom Bibelen. Ho brukar Bibelen som middel til å forklare hendingar som skjer med henne, til å forklare skulda ho følar i forhold til venninna Kristiane, og til å forstå hendingane under sameopprøret. Ho går til og med så langt at ho samanliknar enkelte menneske ho møter på med Jesus, slik som ho gjer med geologen i avsnittet lenger oppe i teksten (sjå kap. 3.8.). Det er svært tydeleg i denne romanen at bibelallusjonane har stor betydning for plottet. Dei forklarar mykje av det som skjer i romanen. I Hanne Ørstavik si bok *Presten* er bibelallusjonane veldig viktige og ein stor del av hovudpersonen si sannheitssøking.

5. Litteraturliste:

Andersen, Per T. 2012. *Norsk Litteraturhistorie* (2 utg.). Oslo: Universitetsforlaget. 642-715.

Arkivverket. 2018. «Kautokeino-opprøret 1852». Oppdatert 23.08.2019.

<https://www.arkivverket.no/om-oss/samisk-arkiv/kautokeino-opprøret-1852#!#block-body-7>

Arkivverket. 2017. «Samer og kvener i Norge». Oppdatert 05.06.2019.

<https://www.arkivverket.no/utforsk-arkivene/skole/videregaende-trinn/urfolk-og-minoriteter/samer-og-kvener-i-norge#!#block-body-2>

Bibelen eller Den hellige skrift indeholdende Det gamle og nye testaments canoniske Bøger. (1834) Christiania: Paa det brittiske og udenlandske bibelselskabs Bekostning.

Den norske kirke. «Endringer i forholdet mellom kirke og stat». Lasta ned 18.04.23 fra internett: <https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/bakgrunn/var-historie/endringer-i-forholdet-mellom-kirke-og-stat/>

Irwin, William. 2001. "What is an Allusion". *Wiley on behalf of The American Society for Aesthetics*, 59(3). 287-297. <https://www.jstor.org/stable/432325>

Kristeva, Julia. 1977. *Desire in Language, A Semiotic Approach to Literature and Art.* Oversatt av Thomas Gora, Alice Jardine og Leon S. Roudiez. New York: Columbia University Press.

Machacek, Gregory. 2007 "Allusion". *Modern Language Association*, 122(2), 522-536. <https://www.jstor.org/stable/25501719>

Massalskaya, U. V., Ikhsanova, L. I. og Bessemelnaya, O. A. 2020 "The concept of "Allusion" and approaches to its study". *Russian Linguistic bulletin*, 4(24). 74-76. https://rulb.org/media/legacy_articles/rulb_1173.pdf

Ørstavik, Hanne. 2004. *Presten.* (1. Utg.). Oslo: Forlaget oktober.